

Øystre Slidre kommune

Kommunestyret

Protokoll

Møtedato: 19.02.2026
Møtestad: Tingvang

Møtetid: Kl. 10:00 - 15:30

Medlemmer

Bjarne Budal
Ellen Hæhre
Mette Christiansen
Nicoaly Flaaten
Ove Skaret
Rolf Kjetil Gulbrandsen
Bente Oxhovd
Gunnar Thue
Jorunn Rogne Ekerbakke
Magne Egil Mjøs
Odd Erik Holden
Ole Kristian Oldre
Tor Skattebo
Arne Magne Prestegården
Mats Gimming Myhre
One Granli Enerud
Trond Rogne

Parti

AP
AP
AP
AP
AP
AP
H *inhabil sak12/26*
H
SP
SP
SP
SP
SP
SV
SV
SV
V

Forfall

Tor Erik Grønolen

Parti

H

Varamedl. møtte

Tor Oxhovd Svalesen
(*inhabil i 12/26 og fekk
permisjon 13.45*)
Tord Dieserud Rogne
(*deltok frå 11.20-15.00*)
Signe Skammestein

Parti

H

Torje Lien Kolbu (*deltok fram til
kl. 11.20*)

H

Emmy Irene Sagahaugen
Halvor Beito Øverby

SP
V

H

SP

Andre som møtte:

Jostein Aanestad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
01/26	Referat- og orienteringssaker
02/26	Delegerte vedtak
03/26	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2029
04/26	Ny allmenn taksering av eigedomar i Øystre Slidre kommune
05/26	Revidert vertskommuneavtale VLMS
06/26	Valdresmusea - Støtte til etablering av flaumvern
07/26	Revisjon av lokal Forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr, Øystre Slidre kommune, Innlandet
08/26	Endring av forskrift om skulefritidsordningane i Øystre Slidre kommune
09/26	Vedtak av forskrift for handsaming av saker etter plan- og bygningslova
10/26	Arbeidsgjevarstrategi for Øystre Slidre kommune
11/26	KS debathefte 2026 - høyringsuttale
12/26	Handsaming av klage III - Aasgarden
13/26	Slutthandsaming detaljregulering for Lien Gard

01/26 Referat- og orienteringssaker

Tilråding

Sakene vert teke til vitande.

..... gir fullmakt til å godkjenne og signere protokollen.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunestyret gir fullmakt til Ellen Hæhre og Mats G. Myhre å godkjenne og signere protokollen.

Samrøystes vedteke.

KS - 01/26 Vedtak:

Tilråding

Sakene vert teke til vitande.

Kommunestyret gir fullmakt til Ellen Hæhre og Mats G. Myhre å godkjenne og signere protokollen.

02/26 Delegerte vedtak

Delegerte saker vert teke til vitande.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes.

KS - 02/26 Vedtak:

Delegerte saker vert teke til vitande.

03/26 Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2029

Tilråding

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2029 for Øystre Slidre kommune vert vedteken slik den ligg føre.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Nestleiar i kommunestyrekomiteen for opplæring og kultur Mette Christiansen la fram tilrådinga frå komiteen.

Tilrådinga samrøystes vedteken.

KS - 03/26 Vedtak:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2029 for Øystre Slidre kommune vert vedteken slik den ligg føre.

04/26 Ny allmenn taksering av eigedomar i Øystre Slidre kommune**Tilråding**

1. Kommunestyret vedtek at det skal gjennomførast ny alminneleg taksering av alle eigedomar i Øystre Slidre kommune i samsvar med eigedomsskattelova § 8 A-3.
2. Takseringa skal gjennomførast i løpet av 2026 og 2027 og nye takstar skal har verknad frå og med skatteåret 2028.
3. Takseringa skal skje etter rammer og retningslinjer som skal bli oppdatert av skattetakstnemnda og lagt fram til kommunestyret innan sommaren 2027. Det skal utarbeidast nye takstgrunnlag basert på fysisk synfaring der det er naudsynt, og på bakgrunn av vurdering av eigedomane sin verdi.
4. Sakkunnig takstnemnd har ansvaret for taksering og fastset takst på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn, jf. eigedomsskattelova §§8A-2 og 8A-3 og eigedomsskattetakstvedtekter for Øystre Slidre kommune.

Innstilling frå Formannskapet - 05.02.2026 - 03/26

Tilråding

1. Kommunestyret vedtek at det skal gjennomførast ny alminneleg taksering av alle eigedomar i Øystre Slidre kommune i samsvar med eigedomsskattelova § 8 A-3.
2. Takseringa skal gjennomførast i løpet av 2026 og 2027 og nye takstar skal ha verknad frå og med skatteåret 2028.
3. Takseringa skal skje etter rammer og retningslinjer som skal bli oppdatert av skattetakstnemnda og lagt fram til kommunestyret innan sommaren 2027. Det skal utarbeidast nye takstgrunnlag basert på fysisk synfaring der det er naudsynt, og på bakgrunn av vurdering av eigedomane sin verdi.
4. Sakkunnig takstnemnd har ansvaret for taksering og fastset takst på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn, jf. eigedomsskattelova §§8A-2 og 8A-3 og eigedomsskattetakstvedtekter for Øystre Slidre kommune.

19.02.2026 Kommunestyret**Behandling**

Bente Oxhøvd bad om gruppemøte.
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 04/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at det skal gjennomførast ny alminneleg taksering av alle eigedomar i Øystre Slidre kommune i samsvar med eigedomsskattelova § 8 A-3.
2. Takseringa skal gjennomførast i løpet av 2026 og 2027, og nye takstar skal ha verknad frå og med skatteåret 2028.
3. Takseringa skal skje etter rammer og retningslinjer som skal bli oppdatert av skattetakstnemnda og lagt fram til kommunestyret innan sommaren 2027. Det skal utarbeidast nye takstgrunnlag basert på fysisk synfaring der det er naudsynt, og på bakgrunn av vurdering av eigedomane sin verdi.

4. Sakkunnig takstnemnd har ansvaret for taksering og fastset takst på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn, jf. eige-domsskattelova §§8A-2 og 8A-3 og eige-domsskattetakstvedtekter for Øystre Slidre kommune.

05/26 Revidert vertskommuneavtale VLMS

Forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner ny vertskommuneavtale for VLMS som vedlagt. Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 05/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner ny vertskommuneavtale for VLMS som vedlagt. Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

06/26 Valdresmusea - Støtte til etablering av flaumvern

Forslag til vedtak

Kommunestyret anbefaler at Valdresmusea AS tar initiativ til å søke NVE om tilskudd til flomsikring, og kommunene i Valdres vil bidra til finansiering av egenandelen ved å øke det årlige driftstilskuddet til Valdresmusea AS med kr 2,- pr innbygger. Det gir et økt tilskudd til Valdresmusea AS for 2026 og senere år på ca kr 6 600. Denne økningen ligger i årsbudsjettene for de enkelte år.

Innstilling frå Formannskapet - 05.02.2026 - 02/26

Øystre Slidre kommune løyver ei eingongsstøtte på kr. 95 879,- til flaumsikring i 2026 i samsvar med plan for Valdresmusea. Ordførar får fullmakt til å samordne vedtak mellom kommunane.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Odd Erik Holden opplyste at han er styreleiar i Valdresmusea og bad om å få vurdert sin habilitet. Kommunestyret fann Odd Erik Holden inhabil. Ikkje møtande vararepresentant. One G. Enerud opplyste at ho er tilsett i Valdresmusea, og bad om å få vurdert sin habilitet. Kommunestyret fann One G. Enerud habil til å delta under handsaminga av saka. Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 06/26 Vedtak:

Øystre Slidre kommune løyver ei eingongsstøtte på kr. 95 879,- til flaumsikring i 2026 i samsvar med plan for Valdresmusea. Ordførar får fullmakt til å samordne vedtak mellom kommunane.

07/26 Revisjon av lokal Forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr, Øystre Slidre kommune, Innlandet

Tilråding

Kommunestyret vedtek revidert lokal forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr i Øystre Slidre kommune jf. vedlagt forskrift

Innstilling frå Formannskapet - 05.02.2026 - 05/26

Kommunestyret vedtek revidert lokal forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr i Øystre Slidre kommune jf. vedlagt forskrift.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 07/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert lokal forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr i Øystre Slidre kommune jf. vedlagt forskrift.

08/26 Endring av forskrift om skulefritidsordningane i Øystre Slidre kommune

Tilråding

Kommunestyret vedtek å endre 4.ledd i § 7 til å lyde: Mat er ikkje inkludert i betalinga for SFO.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 08/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å endre 4.ledd i § 7 til å lyde: Mat er ikkje inkludert i betalinga for SFO.

09/26 Vedtak av forskrift for handsaming av saker etter plan- og bygningslova

Tilråding

Kommunestyret vedtek lokal forskrift om handsaming etter plan- og bygningslova.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 33-1.

Innstilling frå Formannskapet - 05.02.2026 - 06/26

Kommunestyret vedtek lokal forskrift om handsaming etter plan- og bygningslova. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 33-1.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 09/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek lokal forskrift om handsaming etter plan- og bygningslova. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 33-1.

10/26 Arbeidsgjevarstrategi for Øystre Slidre kommune

Tilråding

Kommunestyret vedtak arbeidsgjevarstrategien slik den ligg føre.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 10/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtak arbeidsgjevarstrategien slik den ligg føre.

11/26 KS debattheft 2026 - høyringsuttale

Tilråding

Kommunestyret sluttar seg til høyringsuttalen slik den går fram av saksframlegget, og sender denne som kommunen sitt svar på høyring til KS-debattheft 2026 «Tid for taktskifte».

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

One G. Enerud la fram følgjande framlegg til tillegg til tilrådinga:

Finansiering og forventningsgap

Øystre Slidre kommune meiner at omgrepa *forventningsgap* og *endringstakt* plasserer ansvaret for dagens utfordringar feil. Innbyggjarane sine forventningar til gode og tilgjengelege tenester er rimelege, og utfordringane skuldast i hovudsak underfinansiering frå

staten. Å møte situasjonen med «tøffare prioriteringar» vil svekkje velferda og ramme dei mest sårbare.

Kommunen meiner at:

- Staten må sikre finansiering som står i forhold til oppgåvene kommunane er sett til å løyse.
- Reformarbeid må fullfinansierast.
- Distriktskommunar må få rammer som tek omsyn til geografi, demografi og rekrutteringsutfordringar.

2. Frivilligheit som supplement

Frivilligheit er ein viktig ressurs i Øystre Slidre, men kan aldri erstatte kommunale tenester. Når frivillig innsats blir ein føresetnad for å løyse lovpålagde oppgåver, svekkjast velferdsstaten. Frivilligheit skal vere eit supplement – ikkje ein berebjelke.

3. Barn, unge og førebygging som beredskap

Gode tenester til barn og unge, førebyggjande helsearbeid og trygge møteplassar er grunnleggjande beredskapstiltak. Dette perspektivet kjem ikkje tydeleg fram i KS sitt debatthefte, men er særleg viktig i ein distriktskommune med spreidd busetnad.

4. KI og velferdsteknologi

Kommunen støttar satsing på KI og velferdsteknologi, men understrekar at dette må brukast for å frigjere tid til tenester som krev menneskeleg nærvær – ikkje som erstatning for fagkompetanse eller bemanning.

5. Digital tryggleik og kritisk infrastruktur

Kommunen meiner at:

- Digitale system må vere robuste og godt sikra mot angrep.
- Anskaffingar knytt til kritisk infrastruktur må byggje på grundige ROS-vurderingar og tett dialog med statlege styresmakter.

One G. Enerud bad om gruppemøte.

Tilleggsforslaget vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 11/26 Vedtak:

Tilråding

Kommunestyret sluttar seg til høyringsuttalen slik den går fram av saksframlegget og med tillegg som kom i møtet, og sender denne som kommunen sitt svar på høyring til KS-debattheft 2026 «Tid for taktskifte».

12/26 Handsaming av klage III - Aasgarden

Tilråding:

Klagene vert delvis teke til følgje ved at delar av skiløypa BST1 vert teke ut av plankartet slik:



Ut over dette vert klagene ikkje tekne til følgje. Saka vert sendt over til Statsforvaltaren i Innlandet til endeleg avgjer.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling


Bente Oxhøvd opplyste at ho tidlegare er funnen inhabil i saka, og bad om å få vurdert sin habilitet. Kommunestyret fann Bente Oxhøvd inhabil i saka. Ikkje møtande vararepresentant. Tor Oxhøvd opplyste at han tidlegare er funnen inhabil i saka, og bad om å få vurdert sin habilitet. Kommunestyret fann Tor Oxhøvd inhabil i saka. Ikkje møtande vararepresentant.

One G. Enerud la fram følgjande forslag til vedtak:
Kommunestyret i Øystre Slidre opphevar reguleringsplanvedtaket. Klagene blir tekne til følgje på punktet som gjeld avløpssituasjonen, då vi ved klagehandsaminga har ny kunnskap om vasskvaliteten i Øyangen.

Forslaget frå Enerud vart sett opp mot tilrådinga.
Tilrådinga fekk 13 røyster (Ap, H, Sp).
Forslaget frå One G. Enerud fekk 5 røyster (Sv, V, 1 Sp).

KS - 12/26 Vedtak:

Klagene vert delvis teke til følgje ved at delar av skiløypa BST1 vert teke ut av plankartet slik:



Ut over dette vert klagene ikkje tekne til følge. Saka vert sendt over til Statsforvaltaren i Innlandet til endeleg avgjer.

13/26 Slutthandsaming detaljregulering for Lien Gard

Tilråding

Kommunedirektøren tilrår at reguleringsplan for Lien gard, planID 202203, vert vedteken slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Innstilling frå Formannskapet - 05.02.2026 - 08/26

Kommunestyre vedtek reguleringsplan for Lien gard, planID 202203, slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KS - 13/26 Vedtak:

Kommunestyre vedtek reguleringsplan for Lien gard, planID 202203, slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 12-12.